



Ulvik herad
Perla i Hardanger

HANDLINGSPLAN VED VALD OG SEKSUELLE OVERGREP MOT BARN OG UNGE

Gjeldande for Ulvik herad

2018 - 2020

Handlingsplan ved vald og seksuelle overgrep mot barn og unge.

1. INNLEIING

Vald i nære relasjonar er eit alvorlig samfunnsproblem, både ut fra eit kriminalitets-, helse-, likestillings- og oppvekstperspektiv. Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar som er i strid med grunnleggjande menneskerettar og norsk lov. Sjå m.a. barnevernslova, straffelova, helse- og omsorgs-tenestelova, barnehagelova og opplæringslova.

Alle barn har rett til å vekse opp utan vald og overgrep. For å lukkast i arbeidet mot vald i nære relasjonar, er det nødvendig med auka fokus på problematikken. Det er viktig at innbyggjarane og tilsette i Ulvik har forståing for at vald kan skje i nærområdet og med barn og familier vi kjenner. Vald skjer i alle samfunnslag.

Vald skapar utryggheit, medfører fysiske og psykiske skadar, tap av velferd og avgrensar den enkelte si livsutfalding.

Vald kan vere enkelthendingar eller langvarig mishandling. Vald kan vera eit resultat av manglande strategiar og eit negativt mønster over tid. Det er avgjerande at valden opphøyrer, og at barnet og familien får den hjelpa dei treng.

Vaksne må SJÅ barna dei er saman med til daglig og LYTTE til korleis dei har det. Vaksne som tek ANSVAR kan bety ein avgjerande forskjell for eit barn.

FOR BARNA SITT BESTE – MÅ VI TORA Å TENKJE DET VERSTE!



Forebygging av misbruk. Alle barn har rett til at ingen skadar eller misbrukar dei .
Artikkel 19 FN sin barnekonvensjon

Teikn på at noko er gale:

Oversikta under viser nokon av dei teikna det er viktig å vera merksam på. Lista er ikke fullstendig, men inneheld døme som bør skjerpe den faglige merksemda hos personalet

<p>Teikn ved barnet sin psykiske tilstand:</p> <ul style="list-style-type: none">➤ Påfallande endring av åtferd,➤ Engsteleg, lettskremt, angst➤ Konsentrasjonsproblem➤ Verkar innelukka, depressiv, ulukkeleg, nedtrykt, apatisk, trist➤ Klagar over fysiske smerter (hovud - og/eller magesmerter)➤ Kjenslemessig ustabil, sinne <p>Fysiske symptom:</p> <ul style="list-style-type: none">➤ Uforklarlige blåmerke, skader eller brannsar➤ Kroppsmarke etter avstraffing, bitt, kloremarke eller raude område på huda➤ Ufrivillig vannlating og avføring➤ Anspant. Teikn ved samspel med andre barn➤ Antisosial åtferd aggressiv, destruktiv, impulsstyrt, raserianfall og manglande kontroll av sinne➤ Skade, sjukdom på tenner, i munnen➤ Treng mykje vaksenkontakt, men er ukritisk til kva vaksne det får kontakt hos.	<p>Teikn på seksuelle overgrep:</p> <ul style="list-style-type: none">➤ Påfallande seksuell åtferd, til dømes i leik➤ Umotivert gråt➤ Angstreaksjonar➤ Søvnløyse, mareritt➤ Fysiske symptom (for eksempel unaturlege sår, marke eller underlivssmerter)➤ Sjølvdestruktiv åtferd <p>(Særlige) Teikn hos 0-2 åringer</p> <ul style="list-style-type: none">➤ Anspant, passiv eller tilbaketrekt➤ Utforsker omverda utan å søkje støtte og anerkjening fra vaksne➤ Gir uttrykk for utrygghet
--	--

<p>Teikn ved samspel med foreldre</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Konfliktfylt samspel ➤ Foreldre er uoppmerksomme og manglar medkjensle <p>Teikn hos foreldra</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Møter ruspåverka i barnehagen ➤ Let ofte andre henta barnet ➤ Unngår kontakt med personalet, er vanskelig å få tak i ➤ Fysisk eller psykisk sjukdom eller belastning ➤ Arbeidsløyse 	
---	--

Kva gjer du med observasjonane dine?

Du bør gjera følgjande

Akutt situasjon

- Det er viktig at du vurderer om situasjonen er akutt
- Dersom situasjonen er akutt, tek du kontakt med næraste leiar straks
- Dersom eit barn viser teikn på at det er utøvd vold mot det, eller dersom barnet viser symptom på å vera utsett for seksuelle overgrep, skal **barnevernet/politiet kontaktast** omgåande

Ikkje akutt situasjon

Skriv ned observasjonane dine så objektivt og konkret som mogeleg

- Kva har du sett?
- Kva har barnet sagt og gjort?
- Kva er det i samspelet mellom barnet og foreldra som gjer deg bekymra?
- Har du sjølv sett eller høyrte noko om barnet eller foreldra i privat samanheng som styrkjer magekjensla di?
- Kor lenge har du vore bekymra?

Snakk med barnet

Dersom det er mogleg, prøv å ha ein fortruleg samtale med barnet om trivsel og om korleis barnet har det. Ta evt utgangspunkt i bøker eller anna materiale som er tilgjengeleg i barnehagen, elle snakk med barnet med utgangspunkt i «Eg ser at du.... , kva handlar det om fortel...

Gode råd:

- Ta imot det som vert sagt, repeter det barnet seier og sei så «Fortel meir om det! (bruk opne spørsmål/setningar) Døme: Kva skjedde, kvar var du då, kven var der, korleis var det for deg?
- Trygg barnet på at det var bra at du sa i frå om dette. Det viktigaste er å visa barnet at du kan lytta til det som vert fortalt. La barnet få tid til å svara
- Det er viktig at du ikkje stiller leiande spørsmål, ikkje legg ord i munnen på barnet.

- Dersom det ikkje let seg gjera å ha ein samtale der og då, anerkjenner du at barnet har sagt i frå,og gjer ein konkret avtale om når de kan snakka meir om det.
- **Skriv ned det du observerer/det som vert sagt av barnet på ein så objektiv måte som mogeleg. Noter dato og stad for observasjon /samtale. Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.**

Be om ein samtale med leiaren din

- Drøft observasjonane dine og bekymringar med pedagogisk leiar og styrar

Etter samtalen med leiar – oppsummer: Har me grunn til å vera bekymra?

Kanskje vil me sjå tida litt an, gjera fleire observasjonar, be ein annan kollega om å observera. Det er viktig at ein set ein tidsfrist for ny oppsummering – t. d. ei - to veker.

Konsultasjonsteamet for vold og overgrep mot barn kan også vera ein stad å drøfta ei bekymring anonymt

Ein kan også ta kontakt med barnevernet og drøfta saka/bekymringa anonymt

Skule/barnehageteam

Senda bekymringsmelding til barnevernet.

Vald eller overgrep, handlingsplan i akutte situasjonar:

Ein akutt situasjon er ein situasjon der ein har gjort ei grundig vurdering og kome fram til at det er uansvarleg å sende barnet heim etter endt barnehage/skule. Då gjer ein følgjande:

- Styrar/Rektor (annan tilsett dersom styrar/rektor ikkje er til stades) kontaktar barnevernet direkte. Evt politiet.
- Syt for å dokumentera kva som har skjedd og kva som er gjort.
- Foreldre skal ikkje kontaktast/informerast i tilfelle der det er bekymring for om barnet er utsett for vald eller overgrep.

Viktige kontaktpersonar og tlfnr:

	Namn	tlf
Barnevernet	Elin Fossåen Rullestad	97558510 Døgnvakt
	Terje Solvi	97558511 Døgnvakt
Politiet Voss		56528700 (0900 – 1430) 02800 eller 112
Legevakt		116117 kl: 1600-0800
Kommunelegekontor		56527040 kl: 0800 - 1600
Konsultasjonsteam	Kurt Helge Dahl	90523059
RVTS, regionalsenter om vald og traumatisk stress		55 97 66 95
Psykososialt kriseteam	Kristin Liseth	40007151
Kommunal kriseleiing	Rådmannen	40007158
Skule,	Rektor	40007153
Barnehage	Styrar	40007140
Helsestasjon	Helsesøster	40007143

«HENDINGSLAPP»

Dato:

Klokkeslett:

Kva har skjedd:

Kven/kva gjeld det:

Kvar:

Verd å merkje seg:

Signatur.....

Tilmeldingsskjema til barnevernet:

HARDANGER BARNEVERN

Kommunane: Eidfjord, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang og Ulvik

BEKYMRINGSMELDING TIL BARNEVERNTJENESTEN

Barnets etternavn, fornavn: Adresse:	Fødselsnummer (11 siffer):
Foresattes etternavn, fornavn: Fødselsnr.:	Foresattes etternavn, fornavn: Fødselsnr.:
Foreldreansvar:	Daglig omsorg:
Nasjonalitet: Behov for tolk:	Språk:

**Hvilke bekymringer gir grunnlag for melding
(Observasjoner, samtaler med barnet, spesielle hendelser, etc.):**

Hva er blitt gjort fra melderens side? Evt. tiltak som er prøvet eller pågår:

Evt. opplysninger om foreldre, herunder samarbeid? Eller andre momenter.

Er de foresatte informert om meldingen? På hvilken måte?

Andre opplysninger melder mener er viktig for barneverntjenesten:

Er det kjennskap til om barnet er henvist andre instanser? Er det kontakt med andre instanser?

Melders navn:	Telefonnr.:
Adresse:	Relasjon til barn/fam.:

Dato/underskrift

Postadresse:
Hardanger barnevern
Opheimsgt. 31, 5750 Odda

Besøksadresse:
Torget 2-4 Sentrum
5750 Odda

Telefon:
Telefaks:
Epost:

Distrikt_telefon
Distrikt_telefaks
epost@odda.kommune.no

Oppfølging/etterarbeid

Den/dei tilsette som har vore involvert må ha ein samtale med leiar der ein snakkar gjennom det som har hendt, kva skjedde, korleis var det opplevd

Oppfølging av barnet/familien i etterkant.

Dei tilsette må få kompetanse til å gjennomføra tiltak som er skissert i handlingsplanen.

Einingsleiarane har ansvar for at planen vert gjort kjent og brukt i organisasjonen.